

Utkast

PROTOKOLL

Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Møte: 2-2019

Tid: Fredag 6. desember 2018 kl. 10:00 - 11:00

Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Astrid Aarhus Byrknes (Lindås), Karstein Totland (Masfjorden), Øyvind Oddekalv (Meland), Kjetil Eikefet (Modalen) Lars Fjeldstad (Osterøy), Jostein Borlaug (Radøy)
Rådmenn:	
Styret NUI:	Håkon Matre
NUI:	Rune Heradstveit
Forfall:	

Sak 7/19	Godkjenning møteinnkalling og saksliste Framlegg til Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
Sak 8/19	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Framlegg til Samrøystes vedtak: x og x vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 9/19	Godkjenning møteprotokoll frå Representantskap 1-2019 Framlegg til Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2019 vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/19	Val av leiar og nestleiar til Representantskapet NUI 2020-2023 Framlegg til Samrøystes vedtak: Karstein Totland vart valt til leiar i Representantskapet NUI for perioden 2020-2023. Sara Hamre Sekkingstad vart valt til nestleiar i Representantskapet for perioden 2020-2023.
Sak 11/19	Val av styre til Nordhordland Utviklingsselskap IKS for 2020-2021 Styret består av tre medlemmer og to varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar. Valnemnda la fram forslag til styre for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2020-2021: x (styreleiar), x(nestleiar), x (medlem), x (1. varamedlem), x (2. varamedlem).

	<p>Valnemnda føreslår følgjande satsar for styrehonorar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreleiar: kr x ▪ Nestleiar og medlem: kr x ▪ Møtehonorar for vara: kr x pr. møte <p>Framlegg til Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet vedtar samrøystes innstillinga frå valnemnda og oppnemner for perioden 2020-2021 x til ny styreleiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, x til nestleiar og x til medlem. x vert valt som 1. varamedlem og x som 2. varamedlem. ▪ Representantskapet set styrehonorar til kr. x for styreleiar og kr x for nestleiar og medlem og kr x som møtehonorar for varamedlemer. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.
Sak 12/19	<p>Val av valnemnd NUI for 2020-2023</p> <p>Representantskapet vel tre personar til valnemnd i møtet.</p> <p>Framlegg til Samrøystes vedtak:</p> <p>Representantskapet vel x, x og x til valnemnd NUI for perioden 2020-2023. Valnemna har ansvar for å føreslå kandidatar til styret i selskapet, og til å føreslå kandidatar til leiar og nestleiar i Regionrådet. Valnemna føreslår honorar til styret og leiar av Regionrådet.</p>
Sak 13/19	<p>Orientering frå NUI</p> <p>Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for drift, arbeidsoppgåver og prosjekt i NUI.</p> <p>Framlegg til Samrøystes vedtak:</p> <p>Representantskapet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 14/19	<p>Godkjenning budsjett 2020 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (vedlegg)</p> <p>Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2020. Styret godkjente budsjettet i styremøte 18. november 2019.</p> <p>Styret tilrår at Representantskapet gjer følgjande vedtak:</p> <p><i>Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2020. NUI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</i></p> <p>Framlegg til Samrøystes vedtak:</p> <p>Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2020.</p> <p>NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>

Frekhaug, 6. desember 2019

Per Lerøy
Nesteleiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

x
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

x
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS